

Vakt denne helga:

Trude Aarsand
Mobil 913 45 033

Redaksjonen:

53 48 21 45

Vakttelefon:

53 48 21 31

E-post:

redaksjon@kvinnheringen.no
annonse@kvinnheringen.no
abonnement@kvinnheringen.no

VÊRET

I dag delvis skya opplett på formiddagen. Men så kjem regnet, og regna skal det gjera resten av helga. Det vil halda seg mildt.

SOL OG MÅNE

25. november:
Sola opp kl. 8.57, i sør kl. 12.24, ned kl. 15.50. Dagen har minka 11 t 56 min. frå sommarsolsnu. Månen opp kl. 9.25, i sør kl. 12.37, ned kl. 15.44.

26. november:
Sola opp kl. 8.59, i sør kl. 12.24, ned kl. 15.49. Dagen har minka 12 t 0 min. frå sommarsolsnu. Månen opp kl. 10.36, i sør kl. 13.39, ned kl. 16.44.

27. november:
Sola opp kl. 9.01, i sør kl. 12.25, ned kl. 15.47. Dagen har minka 12 t 4 min. frå sommarsolsnu. Månen opp kl. 11.25, i sør kl. 14.39, ned kl. 18.00.

FLO OG FJØRE

25. november:	27. november:
Fjøre 4.16	Fjøre 5.46
Flo 10.37	Flo 12.04
Fjøre 16.41	Fjøre 18.14
Flo 23.00	

26. november:
Fjøre 5.02
Flo 11.21
Fjøre 17.27
Flo 23.46

Diktsamling med fjesbok-dikt

kultur

Bokfakta

«Soldråpar»

Forfatter: Arne Torget
Diktsamling på 205 sider
Omslag og design: Giske Berland
Kapabel Forlag

Stuntpoeten Arne Torget er tilbake igjen, denne gongen med diktbok med vers og rim han har skrive på face-book.

5. januar låg Arne Torget heime med «rennande nase og hoven milt», dvs. influensa. For å muntra opp seg sjølv og andre krimsjuke skreiv han eit dikt om sjukdomen på face-book.

Reaksjonen kom ganske raskt frå vener på face-book, der minst ei av venninnene ynskte seg eit nytt dikt kvar dag. Og Arne tok utfordringa på strak arm. I vel eit halvt år, frå januar til St. Hans, la han ut eit nytt dikt på face-booksida si, gjerne med eit aktuelt tema.

Etter kvart var det mange som var innom og las dikta, gjerne la dei igjen ein kommentar også. Nokre av desse kommentarane er også tekne med i boka.

– Eg har nesten 2000 vener på face-book. Eg kjenner på langt nær alle personleg. Difor hender det ganske ofte at folk eg ikkje kjenner kjem bort og kommenterer dikta mine.

Ideen om å gje face-book dikta ut i bokform, blei også fødd på face-



HUMOR: Forleggjar Otto Ersland humrar over ein av stubbane i Arne toget si diktsamling «Soldråpar».

(Foto: Trude Aarsand)

book.

Forfatteren sjølv var skeptisk til det i utgangspunktet, men så blei det bok av det likevel.

Tittelen på boka, «Soldråpar», har også si historie. Då kona til Arne, Line, var kreftsjuk, fann dei glede og

styrke i Olav H. Hauge sine korte dikt om livet.

– Utan noko samanlikning elles, ynskjer eg og å gleda folk i kvar-dagen, sjølv om det eg skriv ikkje alltid er høgverdig poesi, seier Torget.

Dei som har funne glede i Torget

sine underfundige dikt om motorsag, pus m.m., vil i alle fall finna ting å gje seg over i denne boka.

Boka er trykt i 2000 eksemplar og er å få kjøpt hos bokhandlarane.

Ivar Vaage
ivar@kvinnheringen.no

film...

Immortals



Episk eventyr i 3D om svik, hemn og lagnad i det gamle Hellas.

Den maktsjuka og blodtørstige kong Hyperion (Mickey Rourke) og hans morderiske hær herjar Hellas på leit-ing etter den forsvunne bogen til Epirus. Med bogen, som vil gjera han usårbar, kan kongen velta Olympen sine gudar og bli den suverene herskaren over heile verda. Med nådelaus effektivitet øydeleggjer Hyperion og hans legionar alt i deira veg, og ingenting ser ut til å kunna stoppa den vonde kongen. Etter at landsby etter landsby blir utrydda, sver steinhoggaren Theseus

(Henry Cavill) å hemna mora sin død i eit av Hyperion sine angrep. Når Theseus møter det sybilliske oraklet Fedra (Freida Pinto) blir ho overbevist om at dei fryktelege utsiktene til den unge mannen si framtid er nøkkelen til å stoppa øydeleggingane. Med hennar hjelp samlar Theseus ei lita gruppe krigarar og omfamnar sin lagnad i eit siste, desperat slag der menneskeheita si framtid står på spel.

Filmen har aldersgrense 15 år og blir vist i 3D på Husnes kino 25. og 30. november og 7. desember.